

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 18/9753-1

### **Høyringsuttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - forskrift om medverknadsordningar**

#### **Framlegg til vedtak:**

Høyringsuttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert skrive i møte 13. februar.

#### **Vedlegg:**

Høyringsbrev – ny forskrift om råd for eldre, for personar med funksjonsnedsetjing og for ungdom  
Meldingstekst  
Høyringsnotat om medvirkning 19.12

#### **Andre relevante dokument i saka:**

---

### **SAKSFRAMSTILLING**

---

Stortinget vedtok 11. juni 2018 ny kommunelov. Som følgje av dette vil Kommunal- og moderniseringsdepartementet revidere alle forskriftene som høyrer til kommunelova. I samband med dette sender departementet no forskrifter til høyring.

Departementet føreslår ei ny forskrift om kommunale råd for eldre, for personar med funksjonsnedsetjing og for ungdom. Forslaget omhandlar oppgåver, organisering og sakshandsaming for råda.

Høyringsfristen for forskrifta er 1. april 2019.